



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

ODDA BARNESKOLE



Fotograf Øygarden AS

13. – 16. mars 2006



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 45 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjelve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Odda barneskole ligg midt i Odda sentrum. Den eldste delen av skulebygningen er frå 1912, men er rehabilitert og bygd på. I januar 1998 tok skulen i bruk eit nytt, moderne tilbygg som rommar 6-åringane og SFO. I januar 2003 vart det siste byggesteget ved skulen tatt i bruk; nye lærararbeidsplassar, IKT-senter og skulebibliotek.

Skolen har 476 elevar. Det er tilsett 46 lærarar, og 20 andre tilsette arbeider ved skulen.

Skulen har fritt val av målform, inneverande år har 322 elevar nynorsk og 154 elevar bokmål.

Skulen prioriterer tryggleik, trivsel og læring.

3 VURDERINGSTEMA

Odda barneskule har bede om vurdering på følgjande tema:

Tilpassa opplæring med fokus på arbeidsplanar på mellomsteget og evaluering av lese- og skriveopplæringsopplegget for småskulesteget.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Tilpassa opplæring

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er godt læringsmiljø i gruppa	<ul style="list-style-type: none">- elevane er trygge på kvarandre- elevane er trygge på dei vaksne- elevane lærer fag av kvarandre- elevane trivst i gruppene- elevane har samarbeidsoppgåver- lærarane gjev elevane lyst til å læra- det er arbeidsro i gruppa- elevane er høflege mot alle på skulen- elevane har venner på skulen- elevane kjenner reglar og rutinar på skulen
Elevane når læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">- elevane har tilpassa arbeidsplanar- elevane får utfordringar- alle elevane opplever meistring- elevane får tydelege læringsmål- læringsmåla er kjende for foreldre- elevane lærer varierte arbeidsmåtar- elevane får vera med å velja arbeidsmåtar- elevane har tilgang på relevante hjelpemiddel
Elevane får god tilbakemelding og rettleiing	<ul style="list-style-type: none">- lærarane gjev tilbakemelding på arbeid- lærarane gjev individuell rettleiing- elevane får tilbakemelding på arbeid undervegs- elevane får sluttvurdering av eige arbeid- skulen har elevsamtalar/utviklingssamtalar- elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring- skulen evaluerer kartleggingsprøvar- skulen følger opp resultat av desse prøvane- ulike arbeidsmåtar vert drøfta med elevane- elevane får trening i å vurdere eige arbeid
Elevar og foreldre har medverknad	<ul style="list-style-type: none">- det er lett for foreldra å ta kontakt med skulen- foreldra får nok informasjon frå skulen- skulen har eit fungerande elevråd- klasseforeldremøta er nyttige- skulen har rutinar for kommunikasjon med foreldre og FAU
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeid- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting- skuledagen er organisert for tilpassa opplæring- personalet er opne for endringar- skulen vurderer jamleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søker informasjon sjølve



5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: Elevar, tilsette og foreldre.
- Eksterne: Turid S. Mykkeltvedt og Aud Opheim Lygre frå vurderingsgruppa i Hardanger og Voss.

I tillegg har Kenneth Kongsvold og Per Kristian Vareide frå SINTEF vore med. Grunnen er at Utdanningsdirektoratet implementerer ein del av vurderingsmodellen til Hardanger/Voss i deler av det statlege skuleutviklingsprogrammet. SINTEF vil vurdere modellen på vegne av Direktoratet og koma med framlegg til forbetringar.

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. Temaet tilpassa opplæring vedkjem både elevar, tilsette og foreldre. Difor er elevar og foreldre viktige deltakarar, i tillegg til dei tilsette.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging.

Under sjølve vurderinga Odda, har vurderingsparet vore på skulen i 4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter at vurderingsdagane er over.

I forkant og undervegs innhentar vurderingsparet informasjon, planlegg metodar og verktøy, og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Den blå hesten på skuleplassen.





Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

TIDSPLAN FOR VURDERING AV ODDA BARNESKOLE

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 3	Skulen melder inn vurderingstema Vurderarane har fått diverse dokument hjå skulen	Skulen
Veke 4	Bruk av foreldreskjema i "Elevundersøkinga" vert avklart Bruk av elevskjema m/lokale tilleggsspørsmål vert avklart	Begge partar
Veke 5	Vurderarane har sitt fyrste møte med skulen. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt skulen for godkjenning, ev. endringsframlegg	Begge partar Vurderarane
Veke 6	Skulen gjev aksept, ev. endringsframlegg til skjema i veke 6. Skulen set i gang arbeidet med førebuing til og gjennomføring av undersøkingane for foreldre og elevar.	Skulen
Veke 7	Foreldre og elevar på 5.-7. steg svarer på nettundersøkingar.	Skulen
Veke 8	Vurderarane får tilgang til dei elektroniske resultatane av undersøkingane. Oppsummering av spørjeskjema – kva fortel svara oss, kva problemstillingar / informasjon skal vi fordjupa oss i.	Vurderarane
Veke 9	Utarbeiding av samtaleguidar. Utarbeiding av opplegg for foreldrekommunikasjon.	Vurderarane
Innan veke 10	Vurderarane sender skulen sine endelege ynskje i høve samtalar med tilsette og elevar. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Vurderarane Skulen
Veke 11 (13.- 16. mars)	Sjølve vurderingsveka Info-innhenting: - samtalar og møte med elevar, tilsette og foreldre. Gjennomføring av organisasjonsanalyse med personalet. Observasjon: -besøk hjå enkelte grupper Vurdering : - analyse og oppsummering Framlegging : -førebels rapport vert lagt fram for personalet for kommentarar og ev. justeringar	Vurderarane
Veke 12	Endeleg rapport og rapportvedlegg vert sendt skulen. Rapport vert sendt Odda kommune Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside.	Vurderarane
Innan veke 15	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, på fastsett skjema. Vurderarane sender skulen dette skjemaet.	Skulen Vurderarane
Innan "rimeleg tid"	Rektor drøftar vurderinga og rapporten med næraste overordna leiar i kommunen. Ev. vert rapporten lagt fram for politisk organ.	Kommunen
Sein haust - 06	6 mnd.-rapport etter vurdering vert sendt skuleeigar.	Rektor



7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, som verksemdsplan, arbeidsplanar, IKT-plan for kommunen, plan for Lesefresen og mykje meir.

Kriterium og teikn på god praksis

I forkant av skulebesøket laga vurderingsparet eit kriteriumskjema med teikn på god praksis for tilpassa opplæring. Dette vart drøfta blant dei tilsette ved Odda barneskule. Dei kom med nokre nye teikn som dei ynskje skulle vera med. Desse vart arbeidde inn i kriterium - skjemaet, slik at teikna der er slik dei tilsette ved skulen ynskjer at skulen ideelt sett burde vore.

Spørjeskjema – papirbaserte og elektroniske

I forkant av skulebesøket gjennomførte elevane på mellomsteget den statlege "**Elevundersøkelsen**" for 2006. Gjennomføringa vart gjort elektronisk. Gjennom eit samarbeidd med Utdanningsdirektoratet og datafirmaet Conexus, laga vurderingsparet nokre ekstra påstandar spesifikt for Odda barneskule. Desse vart lagt inn i undersøkinga av datafirmaet. Vurderarane logga seg inn og tok ut resultatet digitalt.

Foreldra gjennomførte den statlege "**Foreldreundersøkelsen 2006**" elektronisk. Det var også høve for foreldra å gjennomføra undersøkinga på papir.

For elevane på småskulesteget laga vurderarane eit eige **påstandsskjema** (vedlegg) som 256 elevar fylte ut.

Alle lærarane svara på spørsmål i ein **organisasjonsanalyse** i forkant av vurderingsdagane. Dette var ein analyse som er tenkt nytta av alle skular som er med i den statlege satsinga "Skoleutviklingsprogrammet 2005-2008." Lærarane ved Odda barneskule hadde sagt ja til å vera piloteringsskule for å testa ut type spørsmål i ein slik analyse. Eit forskarmiljø utarbeidde analysen i samråd med Utdanningsdirektoratet, og vurderingsparet og representantar frå SINTEF har oppsummert resultatet i Odda i høve det tema som skulen har bede om vurdering på.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Samtalar og møte

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane.

Samtaleguidane vart laga på bakgrunn av funn i alle dei ulike undersøkingane. Vurderingsparet hadde intervju med 12 elevgrupper, som i utgangspunktet skulle vera på 5 elevar kvar. Talet på elevar vart i nokre grupper litt redusert grunna sjukdom og andre praktiske tilhøve.

Vurderingsparet hadde også intervju med tilsette, både pedagogisk personale og assistentar.

I tillegg møtte vi alle klassekontaktar på eit kveldsmøte under vurderingsbesøket. Under dei 4 vurderingsdagane har vi også hatt møte med dei 7 teamleiarane, og vi har hatt møte med rektor og fungerande rektor.

Vurdering

Vurderingsparet og representantane frå SINTEF føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå undersøkingane og samtalane opp mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Deler av utearealet ved skulen.

Kenneth Kongsvold frå SINTEF er imponert over eitt av dataromma på skulen.





8 RESULTAT AV ORGANISASJONSUNDERSØKINGA

Innleiing

Det er vorte gjennomført ei eige spørjeskjemaabasert undersøking av organisatoriske tilhøve ved Odda barneskole i regi av SNF. Odda barneskole har vore ein pilot for denne undersøkinga, og resultatata må tolkast i lys av at spørjeskjemaet ikkje er utprøvd tidlegare i andre skular. Det finst difor heller ikkje resultat frå andre skular som kan nyttast til samanlikning. Vi vil også peika på at vi berre har hatt tilgang til minimums- og maksimumsverdiar, gjennomsnitt og variasjon (standardavvik). Gjennomsnittsverdiane ligg gjennomgåande nær "verken eller" (talverdi 3) på dei fleste utsegner.

Vi vil også peika på at spørsmåla manglar eit høve til å svara "veit ikkje" eller "ikkje relevant". Dette kan ha kanskje gjort at respondentar har svart "verken eller" på spørsmål dei ikkje heilt var sikre på kva dei eigentleg meinte noko om. Samstundes ser vi, basert på minimums- og maksimumsverdiar, at skalaen er godt brukt. Det inneber også at mange svar er prega av variasjon (til dømes frå "helt ueinig" til "helt einig"). Når vi legg dette saman i ei gjennomsnittsbetraktning, vert gjerne svaret "verken eller". Der variasjonen er stor, er difor "både og" ei meir korrekt tolking enn "verken eller". Uansett gjev dette lite eintydige svar på mange av spørsmåla.

Arbeidsmåtene til lærarane

Undersøkinga syner at det er relativt vanleg blant lærarane å gje kvarandre ærlege tilbakemeldingar, men at det ikkje er utbreidd med *organisert* og *systematisk* kollegavurdering og tilbakemeldingar. Det er heller ikkje vanleg at kollegaer vert inviterte til å vurdere arbeidet til kvarandre gjennom å vera ein kritisk venn – altså at dei går inn i kvarandre sine arbeidssituasjonar.

Leiinga sin arbeidsmåte

Det synest ikkje å vera vanleg at leiinga engasjerer seg direkte i det pedagogiske arbeidet gjennom å observera lærarane sin arbeidsmåte i klasseromma. Men leiinga står fram som sterke på gjennomføring av vedtekne endringar.

Om reformer og endringstiltak

Som nemnt over er mange av svara i undersøkinga konsentrert rundt "midt på treet" – dvs at det ikkje peikar seg ut eintydige svar på mange av påstandane. Men det kan også bety at erfaringane med reformer og endringstiltak er blanda. Med andre ord; det er ei utbreidd erfaring at reformer og endringar er ein del av kvardagen på skulen, men at slike endringar både kan opplevast som positive og som negative. Men det er to svar som peikar seg ut. På den eine sida opplever dei fleste lærarane at dei har gode høve til å gjennomføra ynskde endringar i undervisninga. Det kan indikera at dei ikkje opplever at dei ikkje vert møtte med altfor stor motstand *dersom* de ynskjer å gjennomføra endringar. På den andre sida er det ei klar oppfatning at stort arbeidspress gjev lite overskot til endrings- og betringstiltak. Lærarane opplever også at dei stort sett held seg oppdaterte på endringar i omgjevnadene.

Når det gjeld *impulsar* til endring, så synest det som deltaking på kurs (eksternt), erfaringsdeling mellom kollegaer og individuell refleksjon er dei sterkaste impuls-gjevarane, mens kontakt med andre sektorane, andre skular og lesing av teori synest å vera dei svakaste impuls-gjevarane.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Ny kunnskap og læring

Det synest å vera gjennomgåande at lærarane har tilegna seg ny kunnskap om mange ulike område knytte til problematisk åtferd hjå elevane, samarbeid mellom lærar og elev, korleis ein skuleklasse fungerer o.l. Men det synest ikkje som om slik læring har utfordra antakelsar hjå lærarane, eller stilt spørsmål om arbeidsmåtar i same grad. Det skjer med andre ord læring på dei fleste område, men dei fører ikkje så ofte til grunnleggjande endringar i tenkemåte eller arbeidsmåtar. Dette kan vera fordi dei bygger på tenking eller arbeidsmåtar som alt er innarbeidde i lærarane sin praksis.

Kollegafellesskap og meistring

Undersøkinga viser at det synest vera stor grad av fellesskap mellom lærarane om kva dei kan og korleis dei ser på arbeidet sitt. Lærarane føler også eit stykke på veg at dei er godt rusta til å møte dei utfordringane som jobben gjev.

9 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Innleiing

Vår oppleving av Odda barneskule er at dette er ein god skule. Resultatet av den nasjonale Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga syner at skulen ligg over landsgjennomsnittet på alle vesentlege område. Skulen har teke tak i resultatane av kartleggingsprøvar og sett i gang tiltak i høve til desse, noko som etter kvart no syner positive resultat.

Skulen har med stort alvor teke tak i mobbeproblematikken. Dette syner att i at skulen sin bruk av "Zero" –programmet.

Her har skulen etablert ein god praksis både på individnivå, gruppenivå og organisasjonsnivå. Både elevane, foreldra, dei tilsette og skuleleiinga har eit aktivt forhold til Zero. Elevane fortel at Zero er viktig for tryggleiken og trivselen deira på skulen.

Odda barneskule har greidd å etablere eit heilskapleg tiltak kring Zero. Zero er vorte ein naturleg del av verksemda. Slikt kjem ikkje av seg sjølv. Det ligg målretta arbeid og prioritering bak.

Korleis har skulen klart dette ?

Korleis har dei arbeidd for å få det fram ? Kva metodar har dei nytta ?

Her har skulen heilt sikkert skaffa seg nokre viktige erfaringar som dei truleg kan ha nytte av når dei skal ta tak i andre utviklingsområde på skulen.

Tilsette og leiing er motiverte og klare for endring i skulekvardagen, til beste for elevane si læring.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Vi opplever at skulen har ein ansvarleg stab av tilsette, både leiing, pedagogar og assistentar. Dei tek elevane sitt læringsmiljø og elevane si læring og trivsel på alvor.

Det finst mange gode døme på god praksis på Odda barneskole. Dette gjeld arbeidsplanar, læringsmål i enkelte fag og klassar. Den praksisen som vi har sett døme på, har skulen enno ikkje institusjonalisert som god praksis for heile organisasjonen.

Odda barneskole møter oss som ein ryddig og medviten skule. Skulen har rutinar for det meste, noko som er naudsynt for ein så stor organisasjon.

Dei tilsette ved skulen står fram som ærlege og reflekterte.

Skulen har godt utarbeidde, skriftlege rutinar, noko me oppdaga i dokumentanalysen. Gjennom observasjon og førsteinntrykk opplevde me ein ryddig skule, godt skilta og god orden i korridorane. Leiinga og dei tilsette tok veldig godt imot oss, og fekk oss til å kjenna oss velkomne.

Odda barneskole har eit godt opplegg for leseopplæringa si.

Skulen har nokre læringstiltak som synest fungera svært godt: Stasjonsarbeid, Leselystopplegg og Lesefresen. Skulen er nøgd med resultatet av tiltaka.

Stasjonsarbeidet og lesefresen er innarbeidde som system i dei minste klassane. Leselyst på mellomsteget er prøvd av nokre klassar, med godt resultat. Såleis bør skulen vurdere om også dette skal innførast som teikn på god praksis i gruppene på mellomsteget

10 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Innleiing

Når vi no gjer framlegg om nokre utviklingsområde, vil vi understreka at desse ikkje er lausrivne frå det skulen elles må jobba med i høve innhaldet i skulereforma Kunnskapsløftet. Intensjonen vår med dei følgjande utviklingsområda er å løfta Odda barneskole frå å vera ein god skule til å verta ein svært god skule.

Skulen må vurdere og ta konsekvens av bruk av personalet si fellestid og teamsamarbeid til beste for elevane si læring.

Teamsamarbeidet på skulen synest å fungera svært godt. Teama vert trekte fram som positive. Dei fungerer godt som ei organisatorisk eining i høve undervisninga. Det kan reisast spørsmål ved bruken av teamtid på administrative saker i samspelet mellom team, plangruppe og leiing. Dette inneber at ein må ivareta kravet til naudsynt medverknad og informasjon gjennom andre fora og kanalar.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Vi oppfordrar skulen til å sjå på denne koplinga med føremål å finna meir tid for teama til refleksjon over felles praksis, dvs. å gå frå individuelle praksisar til gode, kollektive praksisar.

Då kan gode praksisar koma alle elevane på skulen til gode gjennom forankring og institusjonalisering.

Skulen må drøfta og innføra eit felles system for utforming av elevane sine arbeidsplanar

Dei tilsette på skulen har ulik praksis kring lekseplanar og arbeidsplanar:

- Ikkje alle nyttar arbeidsplanar
- Det er ulik bruk av arbeidsplanar
- Nokre lærarar skriv inn ei vurdering av veka som gjekk
- Nokre skriv informasjon til elevar og foreldre for veka som kjem
- Nokre planar inneheld berre lekser
- Nokre inneheld også informasjon om arbeid på skulen
- Nokre planar inneheld læringsmål
- Nokre inneheld aktivitetar på skulen, både lærarstyrte og elevstyrte

Skulen har nokre "eldsjeler" i personalet som har mange og gode tankar om arbeidsplanar, varierte arbeidsmåtar og læringsmål. Vi vil rå skulen til å lata eldsjelene fortelja om sine tankar og erfaringar; dvs. kollegadelinga og refleksjonar kring erfaringar.

Vi meiner ikkje at alle skal gjera alt likt, men heller verta samde om nokre grunnleggjande prinsipp som alle skal følgja i arbeidsplanarbeidet. Utover det kan det vera individuell fridom. Slik kan skulen sikra seg ein organisatorisk praksis i botnen.

Skulen må forbetra praksisen sin når det gjeld elevsamtaler.

Skulen har ulik praksis i høve elevsamtalar. Foreldra er usikre på kva praksis som skulen har, og lærarane er usikre på korleis dei skal klara å gjennomføra samtalanene i praksis.

Skulen bør etablera ein god praksis når det gjeld elevsamtalar, og denne praksisen må kommuniserast til alle i skulesamfunnet. Dette gjeld ikkje innhaldet i samtalanene, men korleis leiing og lærarar planlegg gjennomføringa. Dette bør skuleleiinga og medlemmene i plangruppa gripa tak i.

Lærarane må verta betre på tilbakemelding på elevane sitt arbeid, og elevane må få trening i å vurdere eige arbeid

Dersom ein berre brukar "honnør – ord" i tilbakemeldingane til elevane, fortel det lite til elevane kva som er godt og kva som er mindre bra i arbeidet deira.

Her er og ulik praksis på skulen. I arbeidet med å forbetra arbeidsplanar/vekeplanar, bør skulen også ta med tilbakemelding til elevane på deira innsats og læring, og vidareutvikla elevane si trening i eigenvurdering. Elevane bør få trening i å evaluera sitt eige arbeid ut frå kjende mål og kriterium.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Vi gjer merksame på at i § 3.1 i dei nye forskriftene er skulen pålagd å ha system mellom anna for undervegsvurderingar til alle elevar på alle nivå.

Bruk gode erfaringar !

Bruk erfaringar frå Zero til å gjennomføra betre kollektiv praksis
Odda barneskole har gode føresetnader for å skapa god, kollektiv praksis. For det fyrste har dei gode, individuelle døme på god praksis. For det andre har skulen, gjennom Zero, synt at dei evnar å gjera gjennomgripande endringar hjå elevar, lærarar og foreldre. Odda barneskule bør nytta desse erfaringane til å gjennomføra dei tiltaka som vi her har gjort framlegg om.

Vi meiner at dette også vil setja skulen betre i stand til å gjennomføra Kunnskapsløftet.

11 IDEAR TIL VIDARE ARBEID

Innleiing : Individuell praksis, felles praksis og tilpasset opplæring

Den største utfordringa til skulen ligg i å finna balansen mellom den enkelte lærar (og det enkelte team) sin individuelle fridom til å utforma eigen praksis og behovet for gjennomgåande system og fastlagde rammer for kollektiv praksis.

Eitt av hovudintrykka våre frå Odda barneskole er at det er variasjon i praksis når det gjeld bruk av arbeidsplanar, formulering av læringsmål, prinsipp for tilbakemeldingar, gjennomføring av elevsamtaler, konferansetimar o.l. Det varierer også mellom dei enkelte faga. Bruk av læringsmål er mest utbreidd i norsk, matematikk og engelsk.

Det finst nokre arbeidsmåtar og prinsipp som er meir gjennomgåande enn andre ved skolen. Men det er opp til den enkelte lærer og det enkelte team kva som skal gjelda. Det er vår vurdering at skulen med fordel kan gå igjennom den praksis som finst med det føremål å identifisera kva sort praksis som er god og som kan leggjast til grunn for kollektiv praksis.

Dette betyr at skulen gjer klare vedtak om grunnleggjande prinsipp for arbeidsplanar, læringsmål, tilbakemelding, elevsamtaler o.l. som skal gjelda alle ved hele skolen (Vi synest likevel det er naturleg med ein viss variasjon mellom de ulike klassestega).

Slike prinsipp vil kunne avgrensa den individuelle fridomen som den enkelte lærer har, men vil gje ein betre kvalitet for skolen som eit heile og skapa ein tydelegare kollektiv praksis som er enklare å kommunisera overfor elevar og foreldre.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Vi vil også understreka at etablering av kollektiv praksis ikkje er til hinder for tilpassa opplæring. Tvert imot vil slike rammer og felles prinsipp kunna vera ei god plattform for å kunna styrka skulen sitt arbeid med tilpassa opplæring.

Utviklingsområde	Idear
Skulen må vurdere og ta konsekvens av bruk av personalet si fellestid og teamsamarbeid til beste for elevane si læring.	<ul style="list-style-type: none">- teama bør gjera ei egen prioritering av kva dei vil bruke tida til.- meir mynde til plangruppa?- snu saklista, drøft pedagogisk praksis først, deretter administrative saker.- Søk andre kanalar for å gje informasjon.
Skulen må drøfta og innføra eit felles system for innhald på elevane sine arbeidsplanar	<ul style="list-style-type: none">- lat eldsjelene (dei som har jobba mykje med dette) få leggja fram sine erfaringar og refleksjonar for resten av personalet- verta samde om nokre grunnleggjande prinsipp, men gje rom for individuell fridom innafor prinsippa !
Elevsamtaler vert ikkje gjennomførte i den grad som er ynskjeleg. Dette bør skuleleiinga og medlemmene i plangruppa gripa tak	<ul style="list-style-type: none">- administrasjonen bør sjå til at slike samtalar vert gjennomført for alle elevane- dette kan gjerast ved omdisponering av tid og ressursar- kontakt gjerne andre store skular i Hordaland om korleis dei organiserer dette



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

<p>Lærarane må verta betre på tilbakemelding på elevane sitt arbeid, og elevane må få trening i å vurdere eige arbeid</p>	<ul style="list-style-type: none">- Tilbakemeldingsord som "fint", "flott", "kan verta betre" bør gjevast innhald.- Den såkalla Stegmodellen, som byggjer på modell frå Kunnskapsskolan i Sverige, legg vekt på mål, eigenvurdering og tilpassa opplæring. Skulen kan kontakta andre skular som nyttar modellen, og vurderingsparet kan senda skulen informasjon.- Dei eldste elevane kan gradvis vera med å bestemma eige arbeid i eitt fag på arbeidsplanen. Det vil auka eleven si interesse for eigenvurdering og tilbakemeldinga frå lærar.- Dela gode oppsett og tankar om tilbakemeldingar i eige kollegium
--	---

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Odda 16. mars 2006

Turid S. Mykkeltvedt
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss


Aud Opheim Lygre
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss




Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1




Kva meiner elevane i 1. – 4. årssteg om desse påstandane?

 Kryss under her om du er heilt einig.

 Kryss under her om du er litt einig.

 Kryss under her om du er heilt ueinig

Nynorsk.

				
1.	Eg er trygg på skulen.			
2.	Eg har lyst å læra.			
3.	Eg er høfleg med dei vaksne på skulen.			
4.	Eg har venner på skulen.			
5.	Eg mobbar ingen på skulen.			
6.	Eg arbeider på mange ulike måtar på skulen.			
7.	Eg får oppgåver som er lette.			
8.	Eg får oppgåver som eg må grubla litt på.			
9.	Av og til får eg skryt av lærar.			
10.	Lærarane fortel meg kva eg kan gjera betre.			
11.	Det er arbeidsro når vi skal jobba.			
12.	Det er kjekt i friminutta.			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2